



**Hardanger Paragliderklubb har hatt eit luftig treff i Omvikdalen denne helga, men dei har budd på Dønhaug Gjestegard, fortel Magne Huglen. Nokre har også budd på Rabben.**

På Dønhaug har 25-30 hatt basen sin og det var der dette biletet vart teke under ein landing.

Klubben har no eksistert i rundt regna 20 år og har basen sin i Ullensvang. Den held kurs, konkurransar, samlingar og turar. Paragliding blir rekna som ein ekstrem sport.

Vi les på nettet at eit kurs for nybegynnarar vart avlyst i påska på grunn av for liten deltaking.

En paraglider er ein vingeprofil som blir fylt med luft under flyging og piloten sit fastspent i ein sele under.

(Foto: Kjell Magne Haugland)